



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Hornindal Smia
Dato: 24.02.2020
Tid: 14.00 – 15.40

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Solfrid Førde	Leiar	
Inge Alexander Bruheim	Nestleiar	
Jørgen Holte	Medlem	
Ragnhild Folkestad	Medlem	
Inger Gjengedal Håvik	Medlem	
Inghild Remøy	Medlem	
Pål Ruben Seljeset	Medlem	

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
------	----------

Vara som møtte:

Namn

Frå Vest Kontroll/ andre møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon møte:

Namn	Stilling
Halldis Moltu	
Alf Marius Grønnevik	

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møte:

Namn	Stilling
Sølvi Dimmen	Ordførar
Rune Sjurgard	Kommunedirektør

SAKLISTE

- SAK 01/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL
- SAK 02/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 03/20 MELDINGAR
- SAK 04/20 GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2019
- SAK 05/20 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – TENESTEYTING I HEIMESJUKEPLEIA
- SAK 06/20 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2020
- SAK 07/20 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET I VOLDA 2019
- SAK 08/20 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET I HORNINDAL 2019
- SAK 09/20 MEDLEMSKAP I FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN
- SAK 10/20 GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 11/20 KOMMUNEDIREKTØREN OG KONTROLLUTVALET. FORVENTNINGAR BEGGE VEGAR
- SAK 12/20 ORDFØRAREN OG KONTROLLUTVALET. FORVENTNINGAR BEGGE VEGAR
- SAK 13/20 SPØRSMÅL OM SETTEKOMMUNE
- SAK 14/20 KONTROLLRAPPORT – ÅRSRAPPORT 2019
SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN VOLDA
- SAK 15/20 KONTROLLRAPPORT – ÅRSRAPPORT 2019
SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN HORNINDAL

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
01/20	033	23.01.2020	24.02.2020	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Pål Ruben Seljeset.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
02/20	049	23.01.2020	24.02.2020	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 26.11.2019.

Vedlegg

1. Møteprotokoll frå møta 26.11.2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
03/20	033&17	13.02.2020	24.02.2020	KS/JS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

I møtet

Jørgen Holte spurde om evalueringa av PP tenesta og om ein kunne få ny orientering. Kommunedirektøren orienterte at det vil bli bestilt ein gjennomgang, gjerne i samarbeid med dei andre kommunane som har ein har felles PP teneste med.

Vedlegg

1. Årsbudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023. Sjå sak 51/19 i kommunestyremøtet 12.12.2019 - Nye Volda. Ligg under møteplan Volda kommune 2019.
2. Selskapskontroll Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS (VØR). Kommunestyrevedtak 16/19 den 24.10.2019 – Nye Volda.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
04/20	033&58	03.02.2020	24.02.2020	KS

GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2019

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande, ingen merknader til gjennomgådde møteprotokollar.

I møtet

Jørgen Holte stilte spørsmål vedkomande Gebyrregulativet. Kommunedirektøren opplyste at han ville kome til bake med ei orientering om dette i eit seinare møte.

Saksopplysing

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Volda kommune si heimeside - <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på www.vor.no.

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Byggenemnda

Eldrerådet

Fellesnemnd for nye Volda kommune **17.10**

Formannskapet **12.11 19.11 26.11**

Formannskapet 2015-2019

Kommunestyret **01.10 24.10 07.11 28.11 12.12**

Kommunestyret 2015-2019

Partsamansett utval

Råd for likestilling av msk. med nedsett funksj.

Sakkyndig nemnd., eigedomskatt

Tenesteutval for forvaltning og utvikling

Tenesteutval for helse og omsorg

Tenesteutval for oppvekst og kultur

Ungdomsrådet

Valnemnda 2015-2019

Valstyret

Valutval

VØR styret **11.06 18.09 12.11**

VØR representantskapet **08.10 16.12**

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
05/20	217	04.02.2020	24.02.2020	KS

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – TENESTEYTING I HEIMESJUKEPLEIA

Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret tek til vitende forvaltningsrevisjonsprosjektet – Tenesteyting i heimesjukepleia, Volda kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 01.10.2019).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
 1. Kommunen må få på plass rutinar for å fange opp at det blir utarbeida og sendt ut førebels svar i dei saker som krev ei sakshandsamingstid på over ein månad.
 2. Kommune må få på plass felles rutinar i høve oppfølging og re-vurdering av enkeltvedtak ved endra tenester.

3. Kommunen må få på plass rutinar for å fange opp at det blir utarbeida og sendt ut skrifteleg enkeltvedtak til alle brukarane innanfor forvaltningslova sine fristar. Dette gjeld både vedtak i høve heimesjukepleie og tryggleiksalarm.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **18.05.2020**.

I møtet

Forvaltningsrevisor Alf Marius Grønnevik orienterte kort og svara på spørsmål.

Vedlegg

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, *Forvaltningsrevisjonsprosjekt, Tenesteyting i heimesjukepleia, Volda kommune*, datert 01.10.2019. Motteke 05.12.2019.

Saksopplysning

Viser til rapporten som ligg ved denne saka.

Kontrollutvalet i Volda kommune gjorde i sak 09/19 vedtak om å få gjennomført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt knytt til heimetenester, avgrensa til heimesjukepleie og tryggleiksalarm.

Målsettinga for prosjektet var å kontrollere om heimesjukepleia yter tenester i samsvar med brukarane sine enkeltvedtak.

Kontrollutvalet ønsket også ein kontroll av sakshandsamingstida i høve tryggleiksalarm.

Problemstilling (side 7 i rapporten):

Yter heimesjukepleia tenester i samsvar med enkeltvedtak?

For å svare på problemstillinga har vi kontrollert følgjande:

- Har kommunen gode rutinar for å sikre sakshandsamingsprosessen?
- Låg det føre skrifteleg enkeltvedtak og tilfredstillar desse krava mht. form og innhald?
- Har alle brukarane fått oppretta tiltaksplan og er tiltaksplanen i samsvar med enkeltvedtaket?
- Er den journalførte tenesta (utførte) i samsvar med tiltaksplanen og enkeltvedtak?
- Er sakshandsamingstida i høve søknadar knytt til tryggleiksalarm tilfredstillande?

Revisjonen sin konklusjon/samandrag med (side 4 - 5 i rapporten):

Deskriptiv analyse:

Ein prøvde for 2018 med utgangspunkt i sakshandsamingssystemet Gericia å samanlikne den samla vedtakstida for alle brukarane opp i mot den estimerte tiltakstida dei hadde, samt kor mykje tid heimesjukepleia hadde journalført på brukarane. Det viste seg at det ikkje var mogeleg å hente ut korrekt informasjon frå systemet på ein enkel måte.

I tillegg har ein henta ut relevante KOSTA-tal som går fram i kap. 5.

Sakshandsamingsrutinar:

Kommunen har skriftelege rutinar i høve sakshandsaming vedkomande kartlegging, utarbeiding og re-vurdering i samband med enkeltvedtak..

Sjå side 14 og 15 i rapporten for meir informasjon.

Sakshandsamingstid heimeteneste:

Sakshandsamingstida var stort sett tilfredstillande, men i enkelte tilfelle såg ein lang sakshandsamingstid frå søknad til enkeltvedtaket var fatta og låg føre. Derimot vurderer ein det slik at tenesta har vore sett i verk innan forsvarleg tid då tenesta var stara opp før eller kort tid etter søknad om teneste var motteke.

Kommunen bør derimot sikre at det vert utarbeida og sendt skrifteleg enkeltvedtak innan rimeleg tid til pasient/brukar (ein månad). I dei tilfelle kommunen ser at sakshandsamingstida vil strekke seg utover ein månad bør det sendast ut førebels svar med opplysningar om årsaka til at saka ikkje kan handsamast tidlegare, og når ein kan forvente at avgjersle ligg føre.

Sjå side 15 og 16 i rapporten for meir informasjon.

Utssending av enkeltvedtak:

Gjennomgangen viste at i to av 20 tilfeldig kontrollerte saker var det ikkje utarbeida skrifteleg enkeltvedtak til brukaren. Derimot såg ein i alle dei kontrollerte sakene at brukaren hadde fått tenesta si.

Ved tildeling av heimesjukepleie er eit av krava til enkeltvedtak at det skal vere skrifteleg. Personar som får vedtak om helse- og omsorgstenester, enten det er avslag eller innvilga har særleg behov for å få konkretisert kva avgjerda går ut på og kva vurderingar som har vore gjort. I forvaltningslova går det fram at parten skal underrettast så raskt som råd.

Kommunen bør få på plass rutinar for å fange opp at det blir utarbeida og sendt ut skrifteleg enkeltvedtak til alle brukarane innanfor forvaltningslova sine fristar og at det vert utarbeida førebels svar i dei saker som forvaltningslova sine fristar vert overskrida.

Sjå side 16 og 17 i rapporten for meir informasjon.

Enkeltvedtak; form og innhald:

Gjennomgangen av vedtaka mht. lovheimlar viste at kommunen i alle vedtak etter 2015 hadde korrekt lovheimel. Vedtaka inneheld i stor grad tilstrekkeleg med informasjon om situasjonen til brukaren, men i varierende grad informasjon om føremålet med tenestene og brukar si vurdering av situasjonen.

Sjå side 17 og 18 i rapporten for meir informasjon.

Tiltaksplan:

Kontrollen viste samsvar mellom tiltaksplan og vedtak i 14 av dei 20 sakene. I seks av sakene var det avvik mellom tenesta brukar fekk og tenesta som gjekk fram av enkeltvedtaket.

I enkelte saker såg ein avvik mellom enkeltvedtaket til brukaren og gjeldande tiltaksplan/utført teneste. Det går fram av kommunen sine eigne rutinar at vedtak skal vurderast jamleg og ved endring i behov skal heimetenesta skrive ein vurderingsjournal til tildelingskontoret. I berre eit av dei 20 enkeltvedtaka gjekk det fram re-vurderingsdato.

Det er viktig at heimesjukepleia rapporterer endra teneste til tildelingskontoret sli at endringar vert fanga opp og vedtaka endre/re-vurdert. Ved å legge inn re-vurderingsdato i sakshandsamingssystemet når ein fattar enkeltvedtak vil tildelingskontoret kunne få ei påminning om når eit vedtak skal re-vurderast. Ved vesentleg endra teneste skal vedtaka re-vurderast og vurderast som ei ny skal etter forvaltningslova.

Sjå side 18 - 20 i rapporten for meir informasjon.

Sakshandsamingstid tryggleiksalarm:

Gjennomgangen vist svært lang sakshandsamingstid i dei fleste sakene. Ein såg også i liten grad at det hadde vore sendt ut førebels svar når sakshandsamingstida var på over 1 måned. Mange av enkeltvedtaka mangla konkret informasjon om når ein kunne forvente at tryggleiksalarmen blei montert. Fleire av vedtaka gav også berre informasjon om at brukar/pasienten vart satt på venteliste.

Kommunen bør få på plass rutinar for å fange opp at det blir utarbeida og sendt ut skrifteleg enkeltvedtak til alle brukarane innanfor forvaltningslova sine fristar. Kommunen bør også sørge for at det vert sendt ut førebels svar i dei saker ein overskrid forvaltningslova sine fristar samt at enkeltvedtaka inneheld korrekt informasjon om når tryggleiksalarmen vil bli montert.

Sjå side 21 og 22 i rapporten for meir informasjon.

Anbefalingar i frå revisjonen (side 22 i rapporten):

1. Kommunen bør få på plass rutinar for å fange opp at det blir utarbeida og sendt ut førebels svar i dei saker som krev ei sakshandsamingstid på over ein måned.
2. Kommune bør få på plass felles rutinar i høve oppfølging og re-vurdering av enkeltvedtak ved endra tenester.
3. Kommunen bør få på plass rutinar for å fange opp at det blir utarbeida og sendt ut skrifteleg enkeltvedtak til alle brukarane innanfor forvaltningslova sine fristar. Dette gjeld både vedtak i høve heimesjukepleie og tryggleiksalarm.

Rådmannen sin kommentar (side 23 i rapporten):

Sjå side 23 i rapporten.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
06/20	033	03.02.2020	24.02.2020	KS

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet fastset slik møteplanen: 30. mars, 8. mai, 15. juni, 18. september, 23. oktober og 4. desember.

Møta skal begynne kl. 13.

Vedlegg

Detaljert møteplan for kommunen og totalt for Vest kontroll.

Saksopplysningar

I 2020 er det i tillegg til 24. februar sett opp møte 30. mars, 8. mai, 15. juni, 18. september, 23. oktober og 4. desember.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
07/20	033	03.02.2020	24.02.2020	KS/JS

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET I VOLDA 2019

Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek årsmeldinga for kontrollutvalet 2019 til vitende.

Vedlegg

Årsmelding for kontrollutvalet 2019. Utarbeidd av Vest Kontroll.

Saksopplysning

Viser til vedlagd årsmelding for kontrollutvalet 2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
08/20	033	04.02.2020	24.02.2020	KS/JS

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET I HORNINDAL 2019

Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek årsmeldinga for kontrollutvalet 2019 til vitende.

Vedlegg

Årsmelding for kontrollutvalet 2019. Utarbeidd av Vest Kontroll.

Saksopplysning

Viser til vedlagd årsmelding for kontrollutvalet 2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
09/20	033	13.02.2020	24.02.2020	JS

MEDLEMSKAP I FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet vedtek å vere medlem i Forum for kontroll og tilsyn (FKT).

Vedlegg

1. Brev frå Forum for kontroll og tilsyn av 01.07.2019.
2. E-post av 12.11.2019 «Forum for kontroll og tilsyn – medlemsinformasjon november 2019».

Saksopplysningar

Både Hornindal kontrollutval og Volda kontrollutval har vore medlemmer i FKT. Dersom desse kommunane hadde fortsett som eigne kommunar ville det ha kosta kr 10.500,- (kr 7000 og kr 3500) samla for 2020. Når desse kommunane no slår seg saman vert kostnaden kr 9.000,- for 2020.

FKT er ein fagleg organisasjon for kontrollutval og kontrollutvalssekretariat. Dei står for fagleg rettleiing, tarsrør over sentrale myndigheiter og er kursarrangør for sine målgrupper.

Meir informasjon finn ein på heimesida:

<https://www.fkt.no/>

Ein rår til at medlemskap i FKT vert vidareført.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
10/20	033&58	12.02.2020	24.02.2020	KS

GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2020

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet har på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.
2. Fordeling av oppgåver i kontrollutvalet:

Alle:	Kommunestyret og utval som ikkje er nemnd nedanfor
Solfrid Førde:	Tenestutvalet for helse og omsorg Selskap
Inger Håvik:	Tenestutval for helse og omsorg
Jørgen Holte:	Byggenemnda Formannskapet
Inge Bruheim:	Eldrerådet Ungdomsrådet
Ragnhild Folkestad:	Råd for likestilling og msk. Med nedsett funksj.
Pål Ruben Seljeset:	Tenestutval for forvaltning og utvikling
Inghild Remøy:	Tenestutval for oppvekst og kultur

Saksopplysing

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Volda kommune si heimeside -

<https://innsyn.volda.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&fradato=2020-01-01T00:00:00> og på www.vor.no .

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Byggenemnda:	24.01
Eldrerådet:	03.02
Fellesnemnd for nye Volda kommune:	
Formannskapet:	21.01 04.02
Kommunestyret:	
Partsamansett utval:	
Råd for likestilling av msk. med nedsett funksj:	03.02
Sakkyndig nemnd., eigedomskatt:	
Tenestutval for forvaltning og utvikling:	28.01
Tenestutval for helse og omsorg:	
Tenestutval for oppvekst og kultur:	29.01
Ungdomsrådet:	
Valstyret:	

Valutval:

VØR styret:

VØR representantskapet:

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
11/20	033	13.02.2020	24.02.2020	JS/KS

KOMMUNEDIREKTØREN OG KONTROLLUTVALET. FORVENTNINGAR BEGGE VEGAR

Samrøystes vedtak

Den gjensidige informasjonen kontrollutval - kommunedirektør vert teken til vitende.

I møtet

Kommunedirektør

Vil invitere seg meir i kontrollutvalsmøta for å orientere. KU må informerast om ulike utfordringar.

Kan kanskje informere i samband med tertialrapportane.

Mykje utfordrande og korleis handtere.

Vanskeleg no den økonomiske situasjonen, veldig pressa situasjon.

Kanskje bryte lover for i det heile å kome i mål.

Dialog om forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Dialog om overordna analyse.

Går for forenkling.

Kva med meir rapportar og mindre forvaltningsrevisjon?.

God kommunikasjon veldig viktig.

KU må vere tydelege på om dei bestiller forvaltningsrevisjon eller ein rapport.

Vi tek opp overordna analyse, inviterer ordførar og kommunedirektør. Vi tek ei viss prioritering der også om i staden for forv.rev. skal bestille rapportar.

Jf. ikkje årleg forvaltningsrevisjon.

Går via kommunedirektør når vi kallar inn nokon frå administrasjonen.

Kommunedirektøren avgjer eigentleg kven som skal møte.

Elles vert det vist til kulepunkta i saksutgreiinga.

Saksopplysningar

- Kommunedirektøren har ikkje møte- og talerett i kontrollutvalet, slik som ordføraren.
- Det kan likevel vere ynskjeleg at kommunedirektøren er med i enkelte møte eller deler av møta, då i spesielle saker.
- Det bør vere slik at kommunedirektøren får høve til å gi informasjon, generell og spesielt i kontrollutvalsmøta. Då bør han gi signal om dette i rimeleg tid før møta, slik ein får setje det opp på saklista. Gjerne gi opp tidspunktet han kan kome.
- Kommunedirektøren bør og ta seg tid til å kome å orientere etter oppmoding frå kontrollutvalet/leiar/sekretariat.

- Kommunedirektøren har sjølv høve til å avgjere om han sjølv orienterer, han har med seg nokon til å gjere det eller sender nokon.
- I ein del høve ynskjer kontrollutvalet orientering av ein bestemt person,. Er det det då greitt at kontrollutvalet v/sekretariatet kontaktar denne direkte (m/evt. kopi/melding til kommunedirektøren) eller vil kommunedirektøren at innkallinga skal gå gjennom han.
- Vi snakkar heile tida om ein god dialog.
- Ein må vere klar over at det til tider vil kom opp saker der det er usemje om, i om med at det er ulike roller. Det er viktig at alle har klart for seg at det dreier seg då om den enkelte saka og ikkje må få følger ein elles gode dialog i andre saker.
- Andre tilhøve som kontrollutvalet og kommunedirektøren ynskjer å ta opp.

Eit godt tilhøve mellom kontrollutval og kommunedirektøren er viktig, ikkje minst for å eit godt omdøme for kommunen. Ein må vere klar over at det kan oppstå usemje om ei sak – måten ein løyser slikt på er viktig for kommunen sitt omdøme.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
12/20	033	13.02.2020	24.02.2020	JS

ORDFØRAREN OG KONTROLLUTVALET. FORVENTNINGAR BEGGE VEGAR

Samrøystes vedtak

Den gjensidige informasjonen kontrollutval – ordførar vert teken til vitende.

I møtet

Kulepunkta nedanfor vert gått igjennom, utan det kom fram berre positive signal. Både ordførar og kontrollutval så fram til god dialog og utvalet set pris på at ho møter i utvalet sin møte.

Saksopplysningar

- Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet, jf. kommunelova § 6-1, 3 ledd. Dette gir eit signal om ordføraren sitt tilhøve til utvalet og deltakinga der.
- Spørsmålet er om ordføraren har tenkt å møte og om ho har høve til å møte i alle og i heile møta.
- Dersom ordføraren ikkje har høve å møte i heile møtet er det greitt å få avklara til kva tid ho kan vere der av omsyn til saklista.
- Det er greitt å setje opp saker ho bør delta på, i møte vi veit at ho kan kome. At ordførar er til stades i saker som utvalet behandlar, som skal til kommunestyret, kan og vere viktig av omsyn til innsikta i sakene og behandlinga der.
- Kontrollutvalsleiar bør få tid i kommunestyremøta til å innleie/orientere om saker som vert lagt fram av kontrollutvalet.
- Saker frå kontrollutvalet bør setjast opp tidleg i møtet slik kontrollutvalsleiar, sekretariat og revisor ikkje treng vere til stades i heile møtet i kommunestyret.
- Ordførar bør sjå til at uttalen på rekneskapen frå kontrollutvalet til kommunestyret følgjer heile saksgangen.

- Ordførar bør sjå til at det er kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for kontrollordninga som vert lagt fram for kommunestyret (ikkje endra på av administrasjonen eller formannskapet)
- Ordførar bør vidare sjå til at saker som skal gå direkte frå kontrollutvalet til kommunestyret ikkje er gått til behandling i formannskap eller andre utval (forvaltningsrevisjonsrapportar, særskilde rapportar bestilte av kontrollutvalet, budsjett, plan for forvaltningsrevisjon og plan for /eigarskapskontroll (selskapskontroll)
- Andre tilhøve som kontrollutvalet og ordførar ynskjer å ta opp.

Eit godt tilhøve mellom kontrollutval og ordførar er viktig ikkje minst for å eit godt omdøme for kommunen. Ein må vere klar over at det kan oppstå usemje om ei sak – måten ein løyser slikt på er viktig for kommunen sitt omdøme.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
13/20	033	13.02.2020	24.02.2020	JS/KS

SPØRSMÅL OM SETTEKOMMUNE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har ikkje mynde til å engasjere settekommune.

I møtet

Rådmannen var innkalla for å orientere og å svare på spørsmål

Leiaren tok opp spørsmålet om lukking av møtet.

Leiaren tok opp om det var behov for gjennomgang og spørsmål til B-dokumentet, i så fall må møtet lukkast. Under drøftinga kom det fram at det var behov for gjennomgang og spørsmålsstilling.

Kontrollutvalet vedtok samrøystes å lukke møtet under orienteringa og drøftinga, jf.

Kommunelova § 11-5, 3 ledd a) Jf. 31, nr. 5, jf. offl. § 13.1, jf. fvl. § 13 nr. 1.

Møtet vart opna igjen etter orienteringa og drøftinga.

Sjølve drøftinga vedkomande eventuell settekommune vart deretter drøfta i ope møte.

Vedlegg

E-post, av 29.01.2020. **Unnateke offentleg innsyn, jf. Offentleglova § 13. 1. ledd og forvaltningslova § 13. 1. ledd.** (Uprenta vedlegg blir teke med på møtet).

Saksopplysningar

Ein person ber Vest kontroll sende sak over til settekommune.

Vest kontroll eller kontrollutvalet har ikkje mynde til å engasjere settekommune i noko sak. Å engasjere settekommune kan ha økonomiske konsekvensar.

Førespurnad om settekommune må til Volda kommune v/ ordførar.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
14/20	232	19.02.2020	24.02.2020	JS

KONTROLLRAPPORT – ÅRSRAPPORT 2019 SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN VOLDA

Samrøystes vedtak/uttale

Kontrollutvalet har ingen merknader til Skatteetaten sin kontrollrapport, Skatteoppkrevjaren sin årsrapport, Skatterekneskapen og Årsmeldinga for interkommunal arbeidsgivarkontroll 2019.

Vedlegg

- Kontrollrapport 2019 frå Skatteetaten, av 17.02.2020
- Årsrapport 2019 Skatteoppkrevjaren, av 20.01.2020
- Årsrekneskap 2019 for skatterekneskapen, av 20.01.2020
- Årsmelding Interkommunal arbeidsgivarkontroll 2019, av 23.01.2020

Saksopplysningar

Det vert vist til kontrollrapporten frå Skatteetaten, årsrapporten frå Skatteoppkrevjaren og skatterekneskapen.

Fylgjande kjem fram av vedlagde dokument og særleg skatteetaten sin kontrollrapport:

Tilfredsstillande:

- Overordna internkontroll
- Rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av årsrekneskapen
- Utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane.
- Utføringa av arbeidsgjervakontrollen. 6,9 % (3,1% i 2018, 1,8% i 2017 og 4,1 % i 2016), medan kravet er 5%.

Innkrevjinga:

- Kommunen ligg veldig god an resultatmessig samanlikna med dei andre kommunane i regionen, og ligg godt over landsgjennomsnittet, skriv skatteoppkrevjaren i årsmeldinga.

Restansane:

- Moderat auke i totalrestansane. Sjå pkt 3.2.2 i Årsmeldinga.

Skatteinngangen:

- Kommunen sin del av skatteinngangen i 2019 er kr 227 273 048. I 2018 var skatteinngangen kr 222.531.548. Dvs. ein auke på kr 4 741 500, eller om lag 2,13 %.

Avslutning:

Dette er siste året kommunestyret og kontrollutvalet mottek kontrollrapporten for skatteoppkrevjinga i kommunen. Dette fordi Stortinget vedtok 13. desember 2019 at skatteoppkrevjarfunksjonen skal overførast til Skatteetaten frå 1. juni 2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
15/20	232	19.02.2020	24.02.2020	JS

KONTROLLRAPPORT – ÅRSRAPPORT 2019 SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN HORNINDAL

Samrøystes vedtak/uttale

Kontrollutvalet har ingen merknader til Skatteetaten sin kontrollrapport, Skatteoppkrevjaren sin årsrapport og Skatterekneskapen for 2019.

Vedlegg

- Kontrollrapport 2019 frå Skatteetaten, av 17.02.2020
- Årsrapport 2019 Skatteoppkrevjaren, av 17.01.2020
- Årsrekneskap 2019 for skatterekneskapen, av 17.01.2020

Saksopplysningar

Det vert vist til kontrollrapporten frå Skatteetaten, årsrapporten frå Skatteoppkrevjaren og skatterekneskapen.

Fylgjande kjem fram av vedlagde dokument og særleg skatteetaten sin kontrollrapport:

Tilfredsstillande:

- Overordna internkontroll
- Rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av årsrekneskapen
- Utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane.

Ikkje tilfredsstillande

- Utføringa av arbeidsgjervakontrollen som var 0% (0% også i 2018). Kravet var 5%.

Innkrevjinga:

- Resultatkrava var nådde. Sjå årsmeldinga pkt.3.2.

Restansane:

- Moderat auke i totalrestansane. Sjå pkt 3.2.2 i Årsmeldinga.

Skatteinngangen:

- Kommunen sin del av skatteinngangen i 2019 er kr 28 142 287. I 2018 var skatteinngangen kr 26 735 382. Dvs. ein auke på kr 1 406 905, 5,26%.

Avslutning:

Det er ikkje grunn for å ta opp tilhøvet til ikkje utførte arbeidsgivarkontrollar. Staten tek over skatteoppkrevjarfunksjonen og Hornindal kommune slår seg saman med Volda kommune.

Dette er siste året kommunestyret og kontrollutvalet mottok kontrollrapporten for skatteoppkrevjinga i kommunen. Dette fordi Stortinget vedtok 13. desember 2019 at skatteoppkrevjarfunksjonen skal overførast til Skatteetaten frå 1. juni 2020.

Møtet slutt.

Solfrid Førde
Leiar

Pål Ruben Seljeset
Medlem

Møteprotokollen går til:

Kommunestyret som melding
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte